



Strategisk næringsplan for Gloppen

Vår visjon: Gloppen kommune – jordnær og livskraftig

Den strategiske næringsplanen for Gloppen for 2012 – 2014 bygger på vedtatt kommuneplan for perioden 2008 – 2020 og økonomiplanen for 2012 – 2015. Strategisk næringsplan syner satsingsområda til kommunen og skal leggjast til grunn for prioritering av tilskot frå næringsfondet, vidareføring av etablerte og utvikling av nye samarbeid både lokalt og interkommunalt. Planen skal bidra til at Gloppen blir ein attraktiv kommune for ny næringsetablering.

Innhold

1 Føremålet med Strategisk næringsplan (SNP).....	2
2 Visjon og målsetting	2
3 Situasjon og utfordringar.....	3
3.1 Situasjon	3
3.1.1 Næringsstruktur	3
3.1.2 Vasskraft og småkraft – stort potensiale (nytt etter formannskapsmøtet 05072012)	3
3.1.3 Arbeidskraft og sysselsette.....	4
3.1.4 Næringsareal ein kritisk faktor	5
3.1.5 Næringshagen, gründarbedrifter og entrepenørskap.....	5
3.2 Utfordringar.....	5
4 Delmål og strategiar	7
Strategiområde 1 Bulyst og tilflytting	7
Strategiområde 2 Næringsutvikling.....	8
Strategiområde 3 Verneområde og kulturlandskap.....	9
Strategiområde 4 Reiseliv.....	10

1 Føremålet med Strategisk næringsplan (SNP)

I Norge er offentlig sektor gitt eit ansvar som tilretteleggar og bidragsytar for næringsutvikling. Den strategiske næringsplanen skal syne korleis kommunen vil ivareta si rolle. Planen skal vere eit levande dokument med ein klart avgrensa tidshorisont. Gloppen kommune sin plan er utarbeidd med eit 2 årig perspektiv på arbeidet, og vil bli rullert kvart andre år. Rådmannen skal leggje fram årleg rapport som syner resultatet av det pågåande næringsarbeidet. Denne rapporten skal også syne korleis dei årlege tilskotsmidlane til næringsutvikling er brukt.

Gloppen kommune har 3 tydelege roller i arbeidet med lokal næringsutvikling:

- Forvaltar av tilskotsmidlar. Kommunen forvalter både egne og regionale tilskotsmidlar. Det er utarbeidd egne retningslinjer for kommunen sitt næringsfond.
- Rettleiar ovafor gründarar, nyetablerarar og ved utvikling av nye næringer innanfor landbruket. Som rettleiar gir kommunen også råd til etablert næringsliv. Gjennom denne rollen kan kommunen bistå med å skaffe kapital frå eksterne aktørar og andre finansielle kjelder.
- Utviklar og tilretteleggar. Kommunen har ansvaret for utbygging av infrastruktur og skal mellom anna sikre tilgang til næringsareal.

Den strategiske næringsplanen er forankra i vedtatt kommuneplan for 2008 – 2020, og er i høve til kommunen sin økonomiplan definert som ein handlingsplan for næringsutvikling.

Strategiplanen støtter også kravet frå regionale myndigheiter om at det skal utviklast ein eigen handlingsplan for bruk av kommunale næringsfondsmidlar.

2 Visjon og målsetting

Kommunen sin visjon er «*Gloppen kommune – jordnær og livskraftig*». Visjonen spelar på at vi er ein landbrukskommune med eit sterkt ønske om vekst og utvikling. Som tilretteleggar og samfunnsutviklar skal kommunen vere opptatt av å føre vidare dei gode tradisjonane som er etablert i høve til rolla som tilretteleggar for utvikling av landbruket *samstundes* som kommunen skal styrke rolla som tilretteleggar i høve til dei andre næringane. Desse blir stadig viktigare for oss, fordi dei gir tilgang til det mangfaldet av arbeidsplassar og kompetansemiljø som eit moderne samfunn treng for vekst og utvikling.

«*Aktive saman*» kan vere eit godt slagord for det samarbeidet kommunen må etablere med lokalt næringsliv. *God næringsutvikling er god samfunnsutvikling*. Eit nært samarbeid mellom kommune og næringsliv vil leggje grunnlaget for å utvikle dette felles ansvaret. Kommunar med suksess på utviklingsområdet er dei som klarer å utvikle «kultur for utvikling». Det inneber mellom anna vilje i kommunen til å satse på utviklingsretta, sjølv i trange tider, og at kommunen har ei open haldning ovafor nyskaparar, gründarar og bedrifter som syner vilje til vekst. Dette skal speglast i målsettinga for næringsplanen.

Målsetting:

Gløppen kommune skal møte initiativ frå næringslivet med openheit og vilje til å finne løysingar. Kommunen skal ha føreseielege rammevilkår for entreprenørskap og næringsutvikling. «Ja, og..» ikkje «ja, men...» skal vere vår haldning».

3 Situasjon og utfordringar

I dette kapitlet presenterer vi kort no-situasjonen når det gjeld næringsstrukturen og ein del faktorar som påvirker næringslivet og arbeidsmarknaden i kommunen.

Vi drøfter også kort viktige utfordringar som møter næringslivet og kommunen som tilretteleggar

Gjennomgangen syner situasjonen slik den er i Gløppensamfunnet, ikkje i Gløppen kommune. I planen blir Gløppen nytta som omgrep for Gløppensamfunnet, medan Gløppen kommune blir nytta som omgrep for kommuneorganisasjonen. Det er viktig å ha dette skillet klart for seg.

3.1 Situasjon

3.1.1 Næringsstruktur

Presentasjonen av hovudtrekka i næringsstrukturen i Gløppen byggjer på tal får 2010. Tabellen syner tal personar sysselsette etter næringsgrupper. Det var i alt registrert 2702 personar i aktivt arbeid i 2010.

Næringsgruppe	Primærnæring*	Sekundær Næring**	Service	Off. adm	Helse og sosial	Undervisning.	Personleg tenesteyt.	Uoppgitt	Sum
Sysselsette	323	678	652	82	586	281	77	23	2702
% av samla	12	25	24		25***	10	3	1	100

* Jordbruk, skogbruk og fiske, **Industri, *** sum av offentleg administrasjon og helse/sosial

Om vi hadde gått meir djupare inn i kvar av næringsgruppene, t.d gruppa service vil ein sjå at det er eit relativt stort mangfald i kva tilbod som er tilgjengeleg innan handel- og servicenæring i kommunen. Ein ser også at offentleg sektor sysselsett ca 35 % av dei yrkesaktive, medan industri og servicenæring fordeler tal sysselsette ganske likt mellom seg. Ca 12 % er sysselsette innan primærnæringar, med stor spreing i produksjonstypar. Dette gjer Gløppen til den største og mest allsidige landbrukskommunen i fylket og på Nord-Vestlandet

3.1.2 Vasskraft og småkraft – stort potensiale (nytt etter formannskapsmøtet 05072012)

Den samla vasskraftproduksjonen i Gløppen er stor. SFE, det største energiselskapet i Sogn og Fjordane, har hovudkontoret sitt i Gløppen. Selskapet representerer eit betydeleg kompetansmiljø som er viktig å involvere i lokal næringsutvikling.

I tillegg til SFE er det eit betydeleg tal private småkraftprodusentar i kommunen. Det store fleirtalet av desse er bønder og inntektene frå kraftproduksjonen har hatt avgjerande betydning for fornyinga og innovasjon i landbruket i kommunen.

Potensialet for vidare utvikling av vasskraft er stort.

3.1.3 Arbeidskraft og sysselsette

Gloppen er prega av låg arbeidsløyse. Pr utgangen av mai 2012 var det registrert 34 heilt ledige, dette tilsvarer ca 1,2 % av arbeidsstokken. Dei siste åra har det vore stabilt låg arbeidsløyse i Gloppen.

Det gjennomsnittlege sjukefråveret i Gloppen i 2011 var 4 %. I 4. kvartal i 2011 var talet 3,7 %.

Ca 10% av arbeidsstokken pendler ut av kommunen for arbeid. Dette talet har vore relativt stabilt. Tabellen syner netto utpendling, basert på samla tal sysselsette med bustadadresse i Gloppen i åra 2009 og 2010

År	Arbeidstad	Bustad	Netto ut/innpending
	Gloppen	Gloppen	
2009	2705	2983	278
2010	2702	2984	282

Med ca 10 % av arbeidsstokken som pendler til annan kommune/arbeid i Nordsjøen eller liknanden er det ikkje grunnlag for å seie at Gloppen er ein typisk pendlarkommune. Tabellen syner også at det er stor stabilitet i gruppa sysselsette.

Ein annan interessant faktor i analysen av arbeidskrafta i Gloppen er utdanningsnivået. Tabellen (på neste side) syner fordeling av alle innbyggjarar 16 år og eldre på alle utdanningsnivå. Vi har vald å samanlikne med landet.

I alt	Ingen utdanning	Grunnskule	VGS/fagarbeid	Universitet/høgskule
4576	121	1096	2216	1143
100 %		24,6 %	49,7 %	25,7 %
Landet		29,4 %	42,7 %	27,8 %

Tabellen syner at Gloppen er eit samfunn med ei relativt høgt utdanna befolkning. Den syner også at det er eit relativt sett tal innbyggjarar som har utdanning ut over grunnskulen.

Kort oppsummert syner denne gjennomgangen at det i Gloppen er:

- lågt sjukefravær
- stabil arbeidskraft
- ei befolkning med utdanning og relativt høg kompetanse

I sum fortel dette at det å vere etablert i Gloppen gir bedrifter/arbeidsgjevarar fortrinn som det truleg ikkje er nok merksemd omkring i det offentlege «rommet». Bedrifter med lågt sjukefråver,

stabil arbeidskraft og ein kompetent arbeidsstokk vil normalt opparbeide seg godt rykte og vere økonomisk trygge.

3.1.4 Næringsareal ein kritisk faktor

Dei siste åra har Gloppen opplevd nye bedriftsetableringar som har ført til at det er lite tilgjengeleg areal for ny næringsetablering. Det er eit aukande press på å få på plass nye areal til erstatning for dei som er disponerte. Gloppen kommune har ikkje vore spesielt aktiv i oppkjøp/ervert av regulert areal, det har ført til at ein del reguleringsplanar no er så gamle at kommunen ikkje har høve til å oreigne arealet lengre.

Denne kombinasjonen av hendingar (nye etableringar og manglande oppkjøp) har skapt ein situasjon der næringsareal no er i ferd med å bli ein kritisk faktor. Kritisk fordi det ikkje er slik at ei bedrift som ønskjer å etablere seg vil vente på ein oreigningsprosess eller eit reguleringsarbeid. Skal kommunen trekke bedrifter til seg må arealet vere klart og tilgjengeleg.

3.1.5 Næringshagen, gründarbedrifter og entrepenørskap

Sandane Næringshage blei etablert for vel 10 år sidan, både som eit kontorfelleskap og som 1. lineteneste i høve gründarar, nyetableringar og som ein arena for etablering av inkubatorverksemder. På dei 10 år har mykje skjedd, frå høg aktivitet til nesten konkurs tilbake til høg aktivitet. Det er også gjort ei tydeleg skille mellom kontorfelleskapet og aktiviteten som 1. lineteneste. Sandane Næringshage har dei siste åra vore inne i særdeles aktiv periode og har bidrege til fleire nyetableringar, sikra støtte til gründarar og arbeidd aktivt for å stø entrepenørskapsarbeidet til einskild personar og bedrifter. Pr mai 2012 er fleire gründarane etablert i næringshagen, dels som inkubatorbedrifter i ulike program.

Frå 2012 er SNH inne i nytt SIVA-program og er i tilknytting til dette programmet blitt sentral i arbeidet med å utvikle samarbeidet mellom næringshagane i Eid, Stryn og Gloppen til NNH (Nordfjord Næringshage).

3.2 utfordringar

Følgande utfordringar er særleg viktige å ha med seg i arbeidet med i vurderingane når det skal utviklast delmål og strategiar for næringsutvikling:

Rekruttering. Det er generelt ei utfordring å skaffe nok arbeidskraft til bedrifter og offentlege arbeidsplassar i kommunen. Største utfordring er for tida (mai 2012) innan bygg/anlegg og helsearbeidarar. I tillegg slit ein del verksemder med å få inn personell med teknologisk kompetanse, ingeniørar og elektrikarar. Innan transportfaget er det mangel på sjåførar.

Folketalsutvikling. Prognosen for folketalsutvikling fram til 2030 ser slik ut:

2015	2020	2030
5697	5747	5902

Prognosen bygger på SSB sin statistikk og indikerer ein svært forsiktig vekst i åra framover. Veksten er så låg at kommunen ikkje kan rekne med å få sin del av folketalsutviklinga i åra framover viss prognosen slår til.

Handel: lokal omsetnad og lekkasje. Vi har liten kunnskap om lokal handelsomsetnad og omfanget på handelslekkasjen. Vi trur at lekkasjen er større enn den burde vere, sett i lys av at handelstilbodet i kommunen er mangfaldig og med stort tilfang av varer. For å utvikle eit kommunesenter som trekker folk til seg og blir eit aktivum i utviklinga av samfunnet, må handelsnæringa syne mangfald og vere serviceorientert. I denne samanhengen er også opningstider å sjå på som service.

Bustadmarknaden. Både i kommunesenteret og i bygdene må det vere tilstrekkeleg tilgang på bustadtomter, som kan dekke ulike grupper sitt behov (frå einbustader til rekkehus og leiligheiter). Det er også trong for å utvikle ein fungerande utleie-marknad. Dette er i utgangspunktet ikkje eit kommunalt ansvar. Kommunen kan likevel bidra til å løyse denne utfordringa gjennom å sikre areal til bustadbyggjing, jobbe saman med eigedomsutviklarar og ikkje minst samarbeid med Statens Husbank om finansering.

Felles arbeidsmarknadsregion. Gloppen er sentralt plassert i Fjordane. Med gode kommunikasjons- og transportløyningar vil det vere muleg å bu i Gloppen og arbeide både i Jølster, Førde, Sogndal, Stryn og Eid. Det er ei særskilt utfordring å få etablert gode pendlarrute mellom Sandane og kommunesentra Førde og Sogndal.

Vilje til vekst. Ein strategi for næringsutvikling blir lite verd viss ikkje lokalt næringsliv bidreg til si eiga utvikling. Det er ei spesiell utfordring å få lokalt næringsliv til å delta aktiv i utviklingsretta arbeid anten dette gjeld støtte til gründarar, eiga knoppskyting, utvikling av næringsklynger med tanke på erfarings- og kompetansedeling eller å stille opp på felles møter.

Oppretthalde produksjonsareal og –volum. Også i Gloppen er det over år registrert ein nedgong i tal foretak knytt til landbruket. Når bruk blir lagt ned er det ei spesiell utfordring å oppretthalde både produksjonsareal og produsert volum av ulike produkttyper.

4 Delmål og strategiar

Det er definert 4 strategiområder i næringsplanen. Strategiområda vil samla sett leggje grunnlaget for å møte dei utfordringane som er definerte i planen.

Strategiområde 1 Bulyst og tilflytting

Mål:

Møtet med Gloppen skal skape positive opplevingar som gir bulyst. Å bu i Gloppen skal vere møtet med levande bygder, tilgang til fellesgoder og trygge oppvekstmiljø. Dugnadsånd og det private initiativ er viktige faktorar for utvikling av lokalsamfunnet. Entreprenørskap blir verdsett.

Kva gjer vi:

- ✓ Gjennom aktiv marknadsføring skal vi synleggjere mulegheitene for å etablere nye arbeidsplassar i kommunen. I samarbeid med lokalt næringsliv deltar vi årleg på rekrutteringsmesser og viser fram arbeidsplassar, gründerbedrifter og kva mulegheiter som finst i kommunen.
- ✓ Bidrar til å vidareutvikle møteplassar for innvandrarar og andre tilflyttarar, som står opp under inkludering. Saman med Firda vgs og Nordfjord Folkehøgskule skal kommunen bidra til at ungdom som kjem hit for å gå på skule, blir godt mottekne og får ei positiv oppleving den tida dei bur i Gloppen.
- ✓ Utvikler eit konsept for Trivselshagen, som syner langsiktige mål for korleis dette anlegget skal nyttast og kva plass det skal ha i utvikling av kulturnæringane som satsingsområde i kommunen. Bruk av Trivselshagen skal gjere det attraktivt å busetje seg i og å besøke Gloppen
- ✓ Gjennom samarbeid med Gloppen Næringsorganisasjon er kommunen ein tydeleg aktør i arbeidet med utvikling av infrastruktur og tilrettelegging for bustadbygging.
- ✓ Vi skal kartleggje tilgangen på ledige bustader og leiligheter. I samarbeid med aktuelle huseigarar skal kommunen etablere ei ordning for korttidsutleige som gjer det muleg å prøvebu i Gloppen. Ordninga blir marknadsført gjennom kommunen si heimeside.
- ✓ Utvikler samarbeid med lokalt næringsliv i høve rekruttering, med tanke på «arbeid for 2».
- ✓ Arbeider for utbygging av kommunikasjons- og transportløyningar som gjer det muleg for gloparane å kunne dagpendle til jobb innafør ein større arbeidsplassregion.

Strategiområde 2 Næringsutvikling

Mål:

Gloppen kommunen skal vere ein kompetent tilretteleggar og rettleiar ovafor gründarar, nye etablerarar og etablerte bedrifter. Gjennom samarbeidet med Gloppen Næringsorganisasjon, lokalt næringsliv, faglaga innan landbruket og utviklingslaga skal vi arbeide for at god næringsutvikling blir god samfunnsutvikling

8

Kva gjer vi:

- ✓ Utvikler faste møteplasser for lokalt næringsliv. Gjennom det etablerte samarbeidet mellom Gloppen Næringsorganisasjon, Sparebanken Sogn og Fjordane, Sandane Næringshage og Gloppen kommune skal vi:
 - ✚ stimulere til nettverksbygging og kompetansespredning mellom etablerte bedrifter
 - ✚ etablere eigne næringsklynger for småbedrifter og enkeltpersonføretak
 - ✚ etablere nettverk mellom gründarar/utviklingsmiljø og etablerte bedrifter
- ✓ Sikrer areal til nyetablering og vidareutvikling av eksisterande bedrifter. I Gloppen skal det til ei kvar vere tilgjengeleg areal for industri- og forretningsføremål.
- ✓ Utvikler infrastruktur og gode kommunikasjonsløyser. Saman med lokalt næringsliv og nabokommunar skal Gloppen kommune arbeide for at traseen for E39 framleis vil gå gjennom kommunen. Gloppen kommunen skal vere ein aktiv medspelar for Avinor i arbeidet med å marknadsføre og vidareutvikle tilboda på Sandane Lufthamn.
- ✓ Utvikler den teknologiske infrastrukturen. Gloppen kommune skal presse på for at leverandørane av slik infrastruktur prioriterer utvikling av tidsriktige breiddbandsløyser i kommunen.
- ✓ Utvikler strategiar for bruk av konsesjonslova ved omsetting av eigedomar. Strategiane skal gi føringar for behandling av desse sakene. Våren 2013 får kommunestyret sak om praktisering av konsesjonslova til behandling.
- ✓ Saman med Gloppen Næringsorganisasjon skal kommunen vurdere potensialet i interkommunalt samarbeid for næringsutvikling
- ✓ I samarbeid med Gloppen Næringsorganisasjon kartleggjer kommunen handelsomsetnad og omfanget på handelslekkasje
- ✓ I samarbeid med Gloppen Næringsorganisasjon blir det etablert ein lokal næringspris
- ✓ Samarbeider med Gloppen Næringsorganisasjon og utdanningsinstitusjonane i kommunen for å fremje kunnskap om entreprenørskap

Strategiområde 3 Verneområde og kulturlandskap

Mål:

Gloppen kommune skal bidra til å vedlikehalde og vidareutvikle det særmerkte og varierte kulturlandskapet mellom fjord og fjell/bre i Gloppen. Det skal leggjast til rette for vidareføring av den allsidige produksjonen i landbruket og produsert volum skal vere på minst same nivå som ved utgangen av 2011.

Kva gjer vi:

- ✓ Vi skal delta aktivt i arbeidet med å utvikle det interkommunale samarbeid for forvaltning og bruk av landskapsvernområda og nasjonalparkområda. Gjennom dette arbeidet blir det lagt til rette for å utvikle nye næringar og tilleggsnæringar i landbruket.
- ✓ Saman med aktuelle kommunar blir det utarbeidd ein felles kommunedelplan med retningsliner for bruk av landskapsvernområda Naustdal/Gjengedal og Ålfotbreen.
- ✓ I 2012 vil Strategiplan for miljøtiltak i landbruket bli rullert. Tiltaka i planen skal bidra til vedlikehald og utvikling av kulturlandskapet.
- ✓ I løpet av hausten 2012 blir nytt mjølkeprosjekt etablert i samarbeid med Jølster kommune, Tine Meierier, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Fylkeskommune
- ✓ Gloppen kommune skal samarbeidet med Agro Business Park for utvikling av nye næringar og tilleggsnæringar med basis i landbruket sine ressursar.

Strategiområde 4 Reiseliv

Mål:

Gloppen skal vere det naturlege valet for kvalitetsbevisste reisande som ønskjer natur- og kulturbaserte opplevingar, kobla med lokal mat og eit mangfaldig overnattingstilbod heile året.

Kva gjer vi:

- ✓ Det er utarbeidd eigen reiselivsplan for Gloppen som konkretiserer tiltak og plasserer ansvar for gjennomføring av tiltaka. Planen skal vere ferdig politisk behandla våren 2012 og er eit forprosjekt som legg grunnlaget for utarbeiding av ein Masterplan for reiselivsnæringa. Ei muleg vidareføring av dette arbeidet blir drøfta med Gloppen Næringsorganisasjon og dei lokale reiselivsbedriftene.
- ✓ Reiselivsprosjektet saman med Jølster kommune blir iverksett og skal leggje grunnlaget mellom anna for aktiv satsing på utvikling av aktivitet i dei felles verneområda
- ✓ Gloppen kommune og Gloppen Næringsorganisasjon skal følgje utviklinga av prosjektet «Fellesgodefinansering» som blir gjennomført i Stryn kommune med tanke på gjennomføring i Gloppen.
- ✓ Gloppen kommune og Gloppen Næringsorganisasjon skal i samarbeid med Destinasjonsselskapet vårt vidareføre arbeidet med å utvikle ei felles, heilskapleg profilering av Gloppen

Dei viktigaste styrings-/plandokument som ligg til grunn for Gloppen kommune sin strategiske næringsplan:

- ✓ Kommuneplan for Gloppen 2008 -2020
- ✓ Entreprenørskap i utdanningen, fra grunnskole til høgere utdanning 2009 – 2014
- ✓ Velkomen til bords. Landbruks- og matpolitikken. St.melding 9 (2011 – 2012)
- ✓ Ta landet i bruk! Landbruks- og matdepartementets strategi for næringsutvikling 2007 – 2009
- ✓ Strategi for landbruksrelatert næring og bygdeutvikling. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Fylkeskommune 2012
- ✓ Bosettingspreferanser, flyttemotiv og flytteprosessar. Notat til KRD 16 februar 2006
- ✓ St.melding 21 (2005 – 2006), Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken.
- ✓ Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane "Fjordane frå bre til hav"
- ✓ Fylkesplan 2005-2008 – "Vegen vidare for Sogn og Fjordane". Utvida verketid til 2010

Sandane juni 2012

